

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Strandvik

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag: Revnestrand

Oppskr. av: Kari Haga

Gard: Haga

(adresse): Baldersheim

G.nr. 105 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Dette har eg frå Bol Haga, Baldersheim - fødd 1875

## SVAR

1. Lyng blir sanket.

No er det vistnok heilt slutt med å lynga her i bygdi. I eldre tid - for eit par mannsaldrar sidan var det årvisst for på dei gardar som åtte lyngmarkjer.

I krigsåri var det rett sume som henta nokre lyngbører når dei var forlette og våren korn seint.

2. Der dei bruka mykje lyng tok dei gjerne til å henta alt i november og sidan fram etter heile vinteren og våren rett til løysings tid. Ein kalla det å lynga helst, men så også å gå på lyngsteur.

3. Her bruka dei vanleg sigd til lyngskuren.

4. Det var kvinfolkarbeid dette. Men der dei laut ro langt etter lyngen og attåt gå sitt stykke var gjerne ein kar med agrodde og bar ei böra med.

5. Dei tok gjerne lyngen so ofte som annakvart år på dei næraste vegane.

b. Ein laga den til böra, la den på tåg og bar den på ryggen heim der det var gåande eller førde börene i båt der det var roande. Lyngböra laga ein slik:

2  
ein låg på kne og fengde til seg med bår  
hendene slik at lyngtoppane mest mogeleg  
vart liggjande mot kvarandre og "skur-  
stratten" smu ut til sidene, slik fengde ein so  
langt armene rekk til, trykte det so fast  
ihop som ein makta. Dette kalla dei eitt  
"kne", og der sku vera seks slike kne  
i ei god lyngböra.

7. Vanlevis brukte ein lyngen nokorhinde  
etterkvart ein henta den. Var det lange  
godversbolkar so ein kunde henta heim  
og lagra litt til snöen og iveret kom, so  
stuvå ein börene saman i tuft eller på  
lave og la ei brei str. over, t.d. eit gammalt  
segl, eller noko halmrusk so lyngen  
ikkje sku hæsna - verta hard.

8. Det var berre kyrne som fekk lyng.  
Ein laga den til som små vändlar  
med ei god höggjor ikring. Ein brukte  
ikkje å hakka lyngen.

9. Lyngen var rekna for ringt attåtfor,  
difor gav ein den helst til gjelbeisti. Gode  
mjölkekyr og rybarde kyr spara ein for lyng  
sosant ein kunde. Laukjörv og skav,  
ja ris og sveg ogso, var halde å vera mykje  
betre för til å få mjölk av.

(Her i bygdi var det jamt at lagdefolk og  
andre fatigfolk reiste åt lyngmarkjer og  
henta lyngböre som dei selde til böndene  
for 8 skjelling böro, det var fast pris. Og  
lyng kunde dei ta kor dei vilde, det vart  
aldri rekna for stuld det. Folk trykte berre  
dei var flinke som grov på og gjorde so  
läkt arbeid vintersdag, det var jamt langt  
båte å ro og gå. Dette er 60-70 år sidan.)

## B. Lyng som beite.

Ein kjemner ikkje til at det har vore gjort å driva beist ut i lyngmarki her i bygdi. Den tid sume her hadde geiter - det er no 40-50 år sidan - gjekk dei mykje ute om vinteren, og folk leit på at geiti fann seg lyng. Men geitene gjekk som dei vilde dei vart ikkje jaga ut lyngmarki.

## II. Mosing.

Sovidt ein kjemner til er her ikkje stort reinsmose, berre eit par stader på høgaste fjellet kan ein sjå han. Ingen har høyrat om at her i bygdi har vore henta heim mose til for.

Her er heller ikkje grisamose.

2829

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING